



MØTEBOK

Organ	Planutvalet
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	22.06.2016
Kl.	11:30 – 12:45

Faste medlemer til stades:

Jenny Følling (Sp)
Åshild Kjelsnes (Ap)
Sigurd Reksnes (Sp)
Aleksander Øren Heen (Sp)
Trude Brosvik (KrF)
Hilmar Høl (Ap)
Helen Hjertaas (Ap)
Bjørn Hollevik (H)
Gunhild Berge Stang (V)
Stein Malkenes (MDG)
Frank Willy Djuvik (FrP)
Jakob André Sandal (SV)

Forfall til møtet:

Karen Marie Hjelmeseter (Sp)
Karianne Torvanger (Ap)
Noralv Distad (H)

Varamedlemer til stades:

Ingen varamedlemer til stades

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen
Svein Arne Skuggen Hoff

Sekretariat for møtet:

Stig Vattekær

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 1/16

Regional plan for vassforvaltning - Organisering av arbeidet - oppfølging og revidering av planen

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

2. Bakgrunn for arbeidet

Planutvalet ber om at planen vert gjennomført samstundes som grunnlaget for ein revidert plan vert utarbeid.

4. Tilhøve mellom nasjonale føringer og regional styring

Planutvalet ber om at nasjonale føringer for arbeidet vert tatt med vidare og at det vert lagt opp til regionale prioriteringar når vassforvaltningsplanen vert revidert. Klimatilpassa tiltak i vassforvaltningsplanen bør samkjørast med den nye regionale planen for klima.

6. Organisering av arbeidet for planperioden 2016-2021

Arbeidsutvalet etablert i perioden 2010-2015 vert omgjort til ei administrativ einig og ei politisk eining. Administrasjonen i fylkeskommunen vil leie den administrative eininga. Den politiske eininga vert leia av leiaren i vassregionutvalet. Den politiske gruppa vi leggje vekt på god koordinering mellom leiing av vassområdeutvala og vassregionutvalet med mål om å få til ein heilskapleg forvaltning av vassførekomstane våre. I tillegg held politisk leiing av vassregionutvalet og administrasjonen fram med førebuande møte for vassregionen/vassregion-utvalet.

I planperioden 2016 til 2021 vert prosessen lagt opp slik at det vert eit tydlegare skilje mellom politisk nivå og administrasjonen.

Endringsframlegg:

1. **Framlegg frå AP til punkt 4:**
Siste setning vert endra frå: «Klimatilpassa tiltak i vassforvaltningsplanen bør samkjørast med den nye regionale planen for klima» til «Klimatilpassa tiltak i vassforvaltningsplanen bør samkjørast med den nye regionale planen for klima og miljø».
2. **Fellesframlegg frå AP og SP til punkt 6:**
Innheld i punkt 6 går ut og vert erstatta med:
«Samarbeidet mellom politisk og administrativ leiing er ekstra viktig på dette fagfeltet. Arbeidsutvalet etablert i periode 2010 – 2015, held fram arbeidet som i førre periode, i perioden 2016 – 2021».
3. **Tilleggsframlegg frå MDG med understrekning til sist i teksten frå Ap og Sp**
Samarbeidet mellom politisk og administrativ leiing er ekstra viktig på dette fagfeltet. Arbeidsutvalet etablert i periode 2010 – 2015, held fram arbeidet som i førre periode, i perioden 2015 – 2021, men utvidast til 4 politikarar (noverande vara).

Avrøysting:

1. Framlegget til endring i punkt 4 vart samrøystes vedteke
2. Fellesframlegg frå Ap og Sp vart vedteke med 8 røyster for og 4 mot.
3. Tillegget frå MGD fekk 2 røyster og fall

Dette gir følgjande VEDTAK:

2. Bakgrunn for arbeidet

Planutvalet ber om at planen vert gjennomført samstundes som grunnlaget for ein revidert plan vert utarbeid.

4. Tilhøve mellom nasjonale føringer og regional styring

Planutvalet ber om at nasjonale føringer for arbeidet vert tatt med vidare og at det vert lagt opp til regionale prioriteringar når vassforvaltningsplanen vert revidert. Klimatilpassa tiltak i vassforvaltningsplanen bør samkjørast med den nye regionale planen for klima og miljø.

6. Organisering av arbeidet for planperioden 2016-2021

Samarbeidet mellom politisk og administrativ leiing er ekstra viktig på dette fagfeltet. Arbeidsutvalet etablert i periode 2010 – 2015, held fram arbeidet som i førre periode, i perioden 2016 – 2021

SAK 2/16 Regional plan for klima og miljø

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

2. Bakgrunn for arbeidet

Planutvalet tek informasjonen til vitande og ber om at nytt handlingsprogram for perioden 2018 – 2019 vert utarbeidd saman med den nye klimaplanen, innafor den tidsramma som FT har gitt.

3. Internasjonale og nasjonale føringer

Planutvalet tek informasjonen til vitande og ber om at føringane vert teke med i det vidare planarbeidet.

4. Regionale føringer

Planutvalet ber om planarbeidet bygger på gjeldande plan med mål om å forenkle og tydeleggjere dei viktige føringane vidare. Planarbeidet må og bygge på kunnskapsgrunnlaget til regional planstrategi og dei mange innspela i høyringa.

5. Avgrensing og mål for planen

Planutvalet ber om at ny regional plan for klima får arbeidstittelen «Klimaomstilling i Sogn og Fjordane». Planutvalet vil at ambisjonsnivået i høve gjeldande plan ikkje vert redusert og at arbeidet munnar ut i ein forpliktande klimapolitikk. Planen skal konkretisere strategiane på vegen mot eit nullutsleppssamfunn og vise korleis Sogn og Fjordane kan bli eit føregangsfylke i det grøne skiftet.

6. Planprogram og føremålet med planarbeidet

Planutvalet sluttar seg til at det gjennom handsaming av planprogrammet vert konkretisert tydelegare mål for planarbeidet, avgrensing av arbeidet og konkretisert meir spesifikke behov for utgreiingar. Planutvalet ber og om at planprosessen tek omsyn til andre og nye regionale planar under utarbeiding i perioden og gjev tydelege føringer for anna planarbeid. Planutvalet sluttar seg til at ein tek utgangspunkt i dei tema som ligg i notatet i det vidare arbeidet med planprogrammet.
Planutvalet ber og om at ein i planarbeidet søker å få fram eit verkty for å kvantifisere viktige deler av klimaarbeidet.

7. Prosess – medverknad, organisering

Planutvalet sluttar seg til bruken av eksisterande klimagrupper og ber samtidig om at omtalen av prosessen synleggjer god involvering frå dei viktige aktørane i fylket.

8. Framdrift

Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen som ei råme for arbeidet vidare.

Endringsframlegg:

1. Forslag frå MDG pkt 4:
Planutvalet ber administrasjonen om å gjennomgå og systematisere begrepsbruken om klima og miljø i heile dokumentet
2. Framlegg frå Ap om tilleggssetning til slutt i pkt 5:
«Planen skal vidare sjå på førebyggjande og klimaomstillinge tiltak når det gjeld naturfare og naturhendingar i samband med eit klima i endring».

Avrøyting:

1. Framlegget frå MDG vart samråystes vedteke
2. Framlegget frå Ap om tilleggssetning i pkt. 5 vart samråystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

2. Bakgrunn for arbeidet

Planutvalet tek informasjonen til vitande og ber om at nytt handlingsprogram for perioden 2018 – 2019 vert utarbeidd saman med den nye klimaplanen, innafor den tidsramma som FT har gitt.

3. Internasjonale og nasjonale føringer

Planutvalet tek informasjonen til vitande og ber om at føringerane vert teke med i det vidare planarbeidet.

4. Regionale føringer

Planutvalet ber om planarbeidet bygger på gjeldande plan med mål om å forenkle og tydeleggjere dei viktige føringerane vidare. Planarbeidet må og bygge på kunnskapsgrunnlaget til regional planstrategi og dei mange innspela i høyringa. Planutvalet ber administrasjonen om å gjennomgå og systematisere bruken av omgrep om klima og miljø i heile dokumentet.

5. Avgrensing og mål for planen

Planutvalet ber om at ny regional plan for klima får arbeidstittelen «Klimaomstilling i Sogn og Fjordane». Planutvalet vil at ambisjonsnivået i høve gjeldande plan ikkje vert redusert og at arbeidet munnar ut i ein forpliktande klimapolitikk. Planen skal konkretisere strategiane på vegen mot eit nullutsleppssamfunn og vise korleis Sogn og Fjordane kan bli eit føregangsfylke i det grøne skiftet. Planen skal vidare sjå på førebyggjande og klimaomstillinge tiltak når det gjeld naturfare og naturhendingar i samband med eit klima i endring.

6. Planprogram og føremålet med planarbeidet

Planutvalet sluttar seg til at det gjennom handsaming av planprogrammet vert konkretisert tydelegare mål for planarbeidet, avgrensing av arbeidet og konkretisert meir spesifikke behov for utgreiingar. Planutvalet ber og om at planprosessen tek omsyn til andre og nye regionale planar under utarbeiding i perioden og gjev tydelege føringer for anna planarbeid. Planutvalet sluttar seg til at ein tek utgangspunkt i dei tema som ligg i notatet i det vidare arbeidet med planprogrammet.

Planutvalet ber og om at ein i planarbeidet søker å få fram eit verkty for å kvantifisere viktige deler av klimaarbeidet.

7. Prosess – medverknad, organisering

Planutvalet sluttar seg til bruken av eksisterande klimagrupper og ber samtidig om at omtalen av prosessen synleggjer god involvering frå dei viktige aktørane i fylket.

8. Framdrift

Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen som ei råme for arbeidet vidare.